

Førjulstid i «Fjorden»

Eit lett snølag hadde lagt seg over «Fjorden». Det var tidleg på morgonen, eit par minusgradar og klarver. Julestrida var i full gang på dei fleste småbruka i bygda. Det var berre tre veker til jul og på Neset, steig det tjukk røyk opp frå eldhuspipa til Lass'n. Ølbrygginga var godt igang, Lass'n stod med opp brette skjorteermar og sveitta over einelogen som snart var på kok. Det hadde vore bryggja øl på garden i generasjonar og Lass'n hadde helde det i hevd, men han vart nok den siste. Han var byrja dra på åra og som ungkar hadde han ingen etter seg. Ikkje som han viste om i allefall. Han humra ved tanken, det skulle teke seg ut om han vart offer for bygdesladder. Det var no liksom hans jobb, ja og så denne grinebitaren oppi Lorthola, Bendikt'n. Det var dei som var journalistar i «Treskoposten». No hadde det hadde vore nokså roleg i bygda, men dei hadde stadig øyren på stilke får å fange opp den minste ting. Ølet til Lass'n var rekna som det beste i heil bygda, spesielt juleølet. Det bryggja han noko sterkare enn ellers. Han rekna med at dei næraste grannane kom luskande når han skulle ha oppskoke. Slikt fekk dei greie på, sjølv om han prøvde å vere litt diskre med slike opplysningar. Han drog fram skråtobakken og beit av eit dugeleg stykke, så la ha meir bjørkeved under kjelen.

Ute ved skjæret, låg Bendikt'n og drog trollgarn. Det låg eit tynnt lag med frostrøyk på fjorden, som var blank som ein spegel. Det var ein vakker og trolsk morgon. Det låg ein båt litt lenger ute i fjorden òg, det var nok Hans'n i Båreneset som var ute i same ærend. Bendikt'n spytta over ripa og drog det han var god for. Dei store ullvottane var tunge av sjøvatn, men han heldt no varmen. Skinnhua seig lenger og lenger ned i augo hans, og det draup jamt og trutt få nasa. Tidlegare hadde det berre vore taskekrabbe i garna, men idag var det pent med fisk. Det var ikkje berre vanleg torsk han fekk, men idag hadde han tre fine raudtorskar, på to tre kilo kvar. Bandikt'n var svært nøgd med fangsten. Til vanleg rodde han inn på krambua der han selde fisken. Men denne fangsten ville han ha sjølv. Salta han noko av fisken, så hadde han mat lenge. Då siste garnet var komme ombord, snytte han seg i votten så det ljoma i fjella. Han såg inn mot land med dei plirande augo, det rauk frå eldhuset til Lass'n. Bendikt'n sette opp eit breitt glis. Jau, der var det nok brygging på gang. Han ville no ta seg ein tur innom før han drog heim, slik at han fekk greie på kor tid det var oppskoke.

Hans'n rodde med lange åretak mot land. Det hadde vore ein fin fangst idag. Dersom det vart slik framover, ville han ta seg ein tur i Ospevikja med med juleorsk. Det var lenge sidan han hadde

Livet i «Fjorden»

vore inne der, ikkje hadde han sett Solveig heller på ei stund. Han hadde ein mistanke om at «Svarte Gunda» fatta mistanke om noko, slik at Solveig hadde fått husarrest. Det ville vere tragisk. Men «Svarte Gunda sine lover kunne ingen rikke ved, slik var det berre. Ho var eineherskar i sitt rike. Hans'n hadde aldri yngst livet av nokon, men no vurderte han å peise i ho noko rottegift, for å få slutt på dævelskapen hennar. Men det var langt mellom tankar og handling, heldigvis. Han rodde med faste årtak mot land, så han kvakk til då båten dundra opp i nauststøa. «Fan»! ropte han høgt. Han kunne ha karva heil båten i samanstøyten. Men han hadde berre seg sjølv å skulde på, og så «Svarte Gunda».

Oppe i «Bakkjen» har Peder'n nett fått fyr i omnen, det var iskaldt i den gamle stova. Han gjespar og glytter ut glaset. To båtar seig innatt mot land, det var Bendikt'n og Hans'n. Sjølv hadde han fiska så mykje, så no fekk det vente til tett opp under jul før han drog juletorsken. Den måtte vere heilt fersk, ellers vart det ikkje noko stas med det. Brått sperra han augo opp. « E Hans'n vorten galen»? mumla han med seg sjølv. Han rodde med fulle åretak rett opp i fjære, det var nesten så han høyrde smellen over fjorden idet båten bråstogga. Det var lenge sidan han hadde snakke med Hans'n. Dei hadde vore barndomskamerater då dei gjekk i skulen. Hans'n hadde alltid vore ein grei fyr, så dei hadde hatt mykje moro ilag. Kanskje han skulle ro bort til han ein dag, berre for moro? Det kunne ha vore kjekt å mimra litt om gamle dagar. Peder'n slengde kaffikjelen bort på omnen, før han skunda seg ut får å slå lens. Kulden slo imot han idet han opna døra. «I dag må eg visst pisse meg ein spaserstokk», mumla han medan han gjekk bortom nova. Han hadde akkurat fått reiskapen på plass, då han høyrde ei fælsleg hosting ned i bakken. Der kom Ruge-Johanna pesande, frostdampen stod som ei sky kring henne. «Ka i helvete e da dinna gamle merra fere å strina itte so tidleg på dag»? mumla Peder'n for seg sjølv.

«Jasso! Du e ute lufta deg Peder»? Ruge-Johanna mesta skreik når ho snakka, ho var litt tunghøyrtr og den tannlause kjeften hennar gjekk mest frå øyre til øyre. Ho var lita og rund med raude bollekjakar, på hovudet hadde ho alltid eit skaut der knuten var knytt framme i panna.

«Ja, da e visst fleire so e ute å lufta seg, ser eg»? Peder'n måtte gaule slik at ho høyrde kva han sa.

«Ja, meina'kje du da, at storeværen vår har brote seg ut or floren. Eg såg han for springande ut vegen og oppover her. Han e i brunst no, så han e'kje lette å stagge»? Orda rann or kjeften på ho, så Peder'n kom mest ikkje til orde.

«Har ikkje sette noke vær eg, men skulle han dukke opp so ska du få beskjed», svara han.

«Snillt av deg da Peder, du veit at da nærma tida seg no. Han skal rundt på bygda å gjere jobben sin,

Livet i «Fjorden»

so eg lyte no prøve å finne han. Da e'kje alle forunnt å tene pengane sine på dan måten»! Ho sette i ein gapskratt så det ljoma over heile fjorden. Ruge-Johanna var det ein kalla ei «gropse», så ho brydde seg aldri om kva ho grytte or seg. Ho bråsnudde og for småspringande ned att bakkene, utan eit ord meir. Peder'n var ståande å sjå etter ho medan han riste på hovudet. «Helvetes tylekjering», mumla han og gjekk innatt. Han ville ta seg ein tur bort til Hans'n i Båreneset i godveret, berre for å treffe litt vituge folk.

Bendik'n var ferdig med å sløye fisken, han tredde fisken inn på to hesjstrengar. Den eine hanka ville han gje til Lass'n, for å bligjere han. Det kunne hende at det vart eit glas eller to på han. Han visste at Bendikt'n hadde øl att etter i sommar. Så la han innpå ei skrå og sette han kursen mot eldhuset til Lass'n. Det var varmt og godt i eldhuset, Lass'n sat på ein gammal pinnestol med eit glas øl i neven. Svetten rann nedetter dei raude kjakane, brygget var i boks. No måtte det berre få stå å godgjere seg, så det vart sterk og godt. Han kvakk til då eldhusdøra gjekk opp, men roa seg fort då han såg kven som kom.

«Neimen, e da du din rakkar so kjeme»? Lass'n tok ein slurk av ølet og rapa høglytt. Bendikt'n smaug seg inn gjennom døra som ein fjøsnisse og såg på Lass'n med dei små stikkande augo sine.

«Du streva på du Lasse! Eg tok med litt fisk til deg så ikkje du svelt ihel»!

«Da e mykje god mat i godt drikke, men takk ska du han», svara Bendikt'n og fann fram eit syltetøyglas som han tappa øl oppi.

«Du e vel tyste, itte å ha leie utpå fjorden heile føremiddagen. Slå deg ned før eg gjere da»! Bendikt'n lo av sin eigen tyleskap og rakte Bendikt'n glaset.

«Da minka på sommarølet, men da ordna seg nok, skål Bendikt og takk for fisken»! Dei heva glasa og drakk med andakt. Bendikt'n tømde glaset i ein slurk og turka seg om munnen med handbaken.

«Vil du ha meir»? spurde Lass'n.

«Jau, takk! Da va godt, eg va tyste», svara Bendikt'n andektig som om det var nattverd og rakte fram glaset.

«Du so føle med ka so skjer, e da noke nytt i bygda»? undra Lasse'n.

«Nei, no på dinna tid, e da ikkje mykje so skjer», svara Bendikt'n. «Jau, forresten. Eg ha hørt at Hans-Anna ha fått helvetsild. Kem fan e da so reke rundt og sele forderva sild te folk»? Lass'n sette i å gapskratte så tåren trilla.

Livet i «Fjorden»

«Sild, din gauk! Da heite helvetes ild, og da e visstnok en alvorleg sjukdom, itte so dei seie». Lass'n slo seg på knea og skogrelo.

«Da e no vel da same, ild elle sild», grynta Bendikt'n. «Da går vel te helvets med ho likevel. Ditta avmagra pisegraset eige no ikkje motstandskraft».

«So sant, so sant», humra Lass'n. «Da einaste ho ha ste imot i alle år, e mannfolk». Dei lo så tåren trilla, og Bendikt'n skjenkte opp i meir øl i dei tomme glasa. «Veit du ka da ska stå på gravsteinen hennar? spurde Bendikt'n.

«Nei, ha'kje peiling», svara Lass'n og snytte seg i neven.

«Returnerast uopna»! Bendikt'n lo så han heldt på å ramle av stolen. Slik sat dei to kallane og prata tyl og drakk til det lei langt på dag.

Oppe i vegen kom Store-Berta sigande. Ho hadde sett at Bendikt'n kom roande innatt, etter at han hadde drege garn. Måsen hadde helde eit fæla spetakkel ned med sjøen, så ho rekna med at Bendikt'n hadde fått masse fisk. Ho pleidde kjøpe litt fisk av han av og til, ellers kunne ho no styre sin begeistring for han. Til gjengjeld, fekk han lefsekling av til jul. Store-Bert var den store bakaren i bygda når det gjaldt kling og flatbrød. Bendikt'n var flink med fisk, det var aldrig noko tull der. Sjølv lukta han som ein brundebukk. Ho trudde ikkje han vaska seg meir enn to gonger i året, men han om det, berre fisken var etande. Då ho nærma seg huset til Lass'n, hørde ho det skråla og lo inne i eldhuset. Ho hadde sett at det rauk frå pipa, så Lass'n hadde vel noko på gang. Bendikt'n var der sikkert òg, kjende ho han rett. Store-Berta gjekk bort til eldhusdøra og banka forsiktig på. Men det var ingen reaksjon, berre høglytt latter. Ho opna døra forsiktig og keik inn. Der sat dei to kallane med kvar sitt glas og skråla og lo på høglyse dag.

«Jasso! So da e her de site»! Store-Bert var krass i målet.

«Neimen, e'kje da sjølvaste Berta so kjeme»? Bendikt'n var grann i måle som ein geitekillling.

«Stig på Berta», ropte Lass'n og heva glaset. Store-Berta kneip augo saman og såg på dei med falkeblikk.

«Eige de ikkje skam i livet! Tenk å sitte her og drikke midt på høglyse dag»!

«Same da vel»! svara Bendikt'n. «Haben si angst»? Han slo seg på knea og lo. Han hadde lært litt tysk under krigen.

«Nei, eg har verken angst eller anna», svara Berta kvasst. «Men eg lurte på om du hadde litt fisk til

Livet i «Fjorden»

overs, Bendikt».

«Fisk? Du ska få so mykje fisk at du kjem te å sjå ut so ei hyse». Bendikt'n drakk ut, så såg han strengt på Store-Berta.

«Du ska få fisk på en betingelse Berta. Og da e da at eg må få smake på lefsa di i år òg». Lass'n seig ned av stolen, han lo så magen riste som ein skurtreskar.

«Her ska du få smake på hankja mi», Bendikt'n rakte henne hanka med fisk som han hadde etla til seg sjølv. «Og lefsa di står ved lag»?

«Greit»! svara Store-Berta, andletet var raudt av sinne. Ho treiv fiskehanka og strauk på dør.

«Eg trur eg daua»! hikste Lass'n.

«Vent no, te du e ferige med juleølet», svara Bendikt'n og tappa meir øl oppi syltestøyglaset sitt.

Hans'n i Båreneset sat nedi fjøra og sløgde fisk. Han forbanna seg sjølv for at han hadde flisa opp kjølen på båten då han rodde iland. Kanskje han skulle ta seg ein tur inn i Ospevikja føre jul, med litt juletorsk? Han hadde ikkje sett Solveig på fleire veker. «Svarte-Gunda» var glad i fisk, så han måtte prøve å smørje ho litt, og halde seg inne med det gamle «bikje». Hans'n drog båten ut att til blåsa og fortøydde han, då han såg Peder'n kom roande over fjorden. Det var lenge sidan den karen hadde vore i Båreneset, men det var no ikkje sikkert at han skulle hit. Hans'n sette seg ned på ein stein og kvekte pipa. Jau, han kom roande rett mot naustet hans. Peder'n retta ein neve i veret til helsing, då han kom fram i støa.

«Sit du her og filosoferar, Hans. Såg du var her, så eg tenkte eg kunne ro oppom ein tur. Da e lenge sida sist». Peder'n hoppa i land og fortøydde båten.

«Ja, har nett vore utpå å drege garn», svara Hans'n og sende ei blå røyksky opp i lufta.

«Vart da noke fisk»? spurde Peder'n.

«Jau, her e no litt. Torsken e begynt å sige inn, so da vert nok juletorsk i år òg», svara Hans'n.

Peder'n sette seg ned på ein stein attmed Hans'n. «Såg Bendikt'n var tidleg på'an i dag òg. Han lyte vel tene seg nokre kroner te jul. Trur'kje da e so sprekt oppi Lorthola».

«Nei, da ser no ikkje ut so han ha ete på fleire år, da e berre skinn og bein». Hans'n lo og såg inn mot Neset. «Eg såg han for innom eldhuset te Lass'n, då han for oppatt».

«Såg da rauk frå eldhuspipa, so han e vel igang med julebaksten», svara Peder'n. «Da e meg to fine

Livet i «Fjorden»

kanaljar».

«Dei site vel å koka ihop noke develskap, dissa to», svara Hansen. «Dei føle jo med på alt so fyregår her i bygda, lyge og sete ut rykte om gud og kver mann».

«Da hadde vore jævla moro å spelt dei et puss ein gang, slik at dei fekk smake sin eigen medisin», sa Peder'n og gnei seg i nevane.

«Da va en go idè, Peder. Bli med meg opp, eg har litt ståande på «botil'n, so ska me nok pønske ut noke». Dei to karane for flirande opp sjøvegen medan hjernecellene arbeidde under høgtrykk.

I Ospevikja var dei ferdig med mesteparten av førjulsstrevet. Solveig og mora hadde stått i dagevis og laga pølser og korv. Dei hadde hermetisert og salta, så kjellaren var full. Sauehova og ribbene var kommen til tørk forlengst. Dei hadde så mange saue at dei var sjølvberga med kjøt, og grisen var slakta og partert etter alle kunsten reglar. Så det vart nok spekeflesk til våren i år òg. Det var Gullakj'n på Haugen som var slaktar, han hadde vore der ein heile dag. No hadde dei mat nok til neste haust. Fisken måtte Solveig syte for å få i hus. Mora greidde ikkje å komme seg ombord i robåten lenger. Av og til kom Hans'n inn med fisk til dei, berre for å treffe henne. Solveig såg drøymande ut over fjorden. Ho var vorten så glad i Hans'n, men ho kunne ikkje vise følelesar så mora såg det. Solveig kjende gråten sprengje på bak augeloka. Tenk om ho hadde hatt ei normal mor! Då hadde alt vore så mykje enklare. Ho tørka tårene medan ho forbanna det mørke sinnet til mora. Ho gjekk ut i eldhuset og henta nokre tørka og røykt sild som dei skulle ha til middag. Det var god mat, men silda hadde hengt så lenge at ho var vorten litt harsk. Ingenting skulle kastast her på garden, så Solveig var vant med litt av kvart. Inne med den glovarme vedomnen, sat «Svarte-Gunda» og spann. Litt ull vart det no av sauene, så Gunda spann garn og selde det ho ikkje hadde bruk for sjølv. Ingenting var som gode varme ullklede om vinteren. «Svarte-Gunda» måtte innrømme at Solveig var flink til å strikke, men så hadde ho hatt ein god læremeister òg. Det var ikkje ofte at «Svarte-Gunda» smilte. Men når ho sat med rokken og let tankane vandre medan ho nynna på gamle salmar, då hadde ho det godt med seg sjølv, utruleg nok.

Slik gjekk dagane i «Fjorden» no tett oppunder jul. Kvar og ein stulla med sitt. Nokon hadde alt under kontroll, medan andre var utan kontroll.